

# ERSTATNING VED LEGEMIDDELSKADAR



norsk  
pasientskade-  
erstatning

# **Erstatning ved biverknad av legemiddel**

**Om du meiner å ha fått ein skade ved bruk av eller gjennom utprøving av legemiddel, kan du søkje om erstatning.**

## **Kva skadar gir deg rett til erstatning?**

Ved bruk av legemiddel må du rekne med at du kan få biverknader. Dette er ein risiko du vanlegvis må godta, fordi dei positive effektane ved behandlinga er større enn dei negative.

Om det likevel oppstår ein spesielt stor skade eller uventa biverknader som du meiner det er urimeleg at du skal måtte godta, kan du søkje om erstatning.

## **Ved vurderinga legg vi vekt på:**

- helsetilstanden før du brukte legemiddelet samanlikna med den noverande tilstanden din
- kor viktig legemiddelet var i behandlinga av sjukdomen
- om biverknaden er uventa
- kor alvorlege følgjene av biverknadene er

Du må søkje om erstatning seinast te år etter at du forstod eller burde ha forstått, at det var legemiddelet som førte til skaden. Ordninga dekkjer ikkje skadar som skuldast feil bruk, eller skadar som oppstår fordi legemiddelet ikkje har hatt ynskt effekt.

## **Kva blir erstattat?**

**Økonomisk tap:** Det er normalt eit vilkår for erstatning at skaden har påført deg eit økonomisk tap, til dømes auka utgifter til legebehandling, medisinar, transport og liknande. Det er viktig å ta vare på alle kvitteringar for å dokumentere dei utgiftene du har hatt.

Andre forhold som kan vere aktuelt å erstatte, er inntektstap eller tap av forsørgjar.

**Meinerstatning:** Du kan få erstatning sjølv om du ikkje har noko økonomisk tap, såkalla meinerstatning. Dette kan vere tilfelle om du har fått ein varig og monaleg skade. Erstatninga er meint å skulle kompensere for redusert livskvalitet og livsutfalding.



## Saksbehandlinga

Når vi tek imot søknadsskjemat ditt, byrjar vi å behandle saka ved å hente inn all nødvendig dokumentasjon i saka. Du vil bli informert etter kvart og få høve til å kommentere og kome med opplysingar underveis.

Om du får medhald i kravet om erstatning, kan du få dekt nødvendige advokatutgifter i arbeidet med å fastsetje erstatninga.

Er du ueinig i avgjerala vår, vil vi gi deg rettleiing om kva klagemoglegheiter som finst.

## **ERSTATNING VED LEGEMIDDELSKADAR**

**NPE (Norsk pasientskadeerstatning) behandler søknader om erstatning på vegner av Legemiddelforsikringen. Alle produsentar, importørar og utprøvarar av legemiddel i Noreg er dekte gjennom denne ordninga. Skjema finn du på nettsidene våre [npe.no](http://npe.no). Saksbehandlinga er gratis.**

Brosyre, lovtekst, søknadsskjema og informasjon finn du på [npe.no](http://npe.no) og på [legemiddelforsikringen.no](http://legemiddelforsikringen.no).

**Norsk pasientskadeerstatning**

**telefon: 22 99 45 00**

**e-post: [npepost@npe.no](mailto:npepost@npe.no)**